

## Kart for landbruket

Kart er ferskvare. Landskapet endrar seg stadig. Nye vegar og hus blir bygde, jord blir dyrka opp og areal gror att. For landbruket er kart viktig, både som dokumentasjon og som grunnlag i søknadsprosessar. Dei siste åra har Norsk institutt for skog og landskap (Skog og landskap) saman med kommunane sendt ut gardskart til dei fleste grunneigarar, slik at feil og manglar i karta blir retta opp.

### Kvar finn eg kart?

**Gårdskart på Internett** er ei teneste frå Skog og landskap som viser kart og arealtal for ein vald landbrukseigedom. Du kan velje fleire bakgrunnskart og karttema, slik som erosjonsrisiko, kulturminne og naturtypar. Sjå: [www.skogoglandskap.no/gardskart](http://www.skogoglandskap.no/gardskart)

**Kilden** er ei teneste frå Skog og landskap som viser tilgjengeleg kartinformasjon frå fleire leverandørar. Du kan sjølv skru av og på kartlag som til dømes skogbonitet, kulturminner, grusførekomstar og flybilete. Du kan teikne i kartet, måle avstand og areal, og gjere geografiske søk. Kilden har og ein enkel og god utskriftsfunksjon. Sjå: [www.skogoglandskap.no/kilden](http://www.skogoglandskap.no/kilden)

### Kart må vere oppdatert

Endringar som skjer i terrenget må og gå fram av kartet slik at det gir eit rett bilete av dei faktiske forholda. Dette gjeld eigedomsgrenser, gards- og bruksnummer og inndeling i arealtpar som til dømes fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Oppdaterte kart er viktig for å dokumentere ressursane i landbruket.

Skog og landskap oppdaterer med fem til ti års mellomrom informasjon om arealtpane ved å legge inn endringar som går fram av flybilete. Kommunen medverkar jamleg med å oppdatere arealtpane når det skjer endringar som dei fangar opp, slik som til dømes nedbygging.

Ved feil i karta skal du alltid ta kontakt med kommunen.

### Bruksområde

I kommunar som har sendt ut gardskart og gjennomført prosessen med retting av kart, blir kart brukt som kontrollgrunnlag for arealtilskott i jordbruket. Det er viktig òg for andre føremål at kartet blir halde oppdatert. Kartinformasjonen blir brukt for å dokumentere landbruket sine ressursar i til dømes jordvernsakar, arealplanlegging og konsekvensutgreiingar. Som gardbrukar er det naudsynt med kart for å dokumentere ulike tiltak og planar.

Kart gjev mange moglegheiter. Vi ynskjer deg lykke til vidare som kartbrukar!

Med venleg helsing

Norsk institutt for skog og landskap

Har du spørsmål til karta, kontakt oss på e-post [gisdrift@skogoglandskap.no](mailto:gisdrift@skogoglandskap.no) eller på telefon 64 94 80 00.